

## Møtereferat

Dato: 10.02.2016

Emne:	<b>Referat frå prosjektgruppa likeverd</b>		
Til stades:	Laila Christin Kleppe, Ruth Brudvik, Frode Mannsåker, Mari-Kristine Morberg , Marius Kjørmo, Jorunn B. Johannessen, Benedicte Meyer		
Forfall:	Anne Mette Nesje Porten	Sak: 2015/11349-10	
Møtetid:	29.01.16 kl.09.00-11.15	Møtestad: Møterom Forskjønnelsen, Wigandgården	

**Møteleiar:** Ruth Brudvik

**Referent:** Benedicte Meyer

- Sakliste godkjent.
- Referat frå 12.01 godkjent.
- Ruth refererte frå møtet i styringsgruppa. Ho orienterte m.a. om «vegen» for planen fram til fylkestinget i juni, som inneber at me bør ha planen klår for politisk handsaming innan påske. På dette møtet kom det opp spørsmål om det var mogleg å leggja inn spørsmål om av tilfelle av trakassering/krenkingar i MU, men dette er sterkt frårådd frå BHT si side, og me går ikkje vidare med det.
- Frode orienterte om ein kursinvitasjon frå NAV arbeidslivssenter 8.2 om oppfølging av gravide.
- Framlegg til disposisjon

Framlegg til disposisjon er sendt ut til alle. Ruth og Benedicte gjekk gjennom framlegget punkt for punkt, og me drøfta ulike problemstillingar knytt til rekkefølge, målgruppe og presisering av verdisyn. Innspela vert tekne med i det vidare arbeidet, som Ruth og Benedicte står for. Den viktigaste oppgåva for medlemmene i gruppa i dei neste vekene vert å vere kritiske lesarar av tekstframlegga som vert sende ut.

Nest møte vert sett til 25.02. kl.12-15.